



Det kongelige klima- og miljødepartementet
Postboks 9013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.:
2017/906-6

Sakshandsamar:
Inge Olav Fjålestad
inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no

Dato
27.02.2020

HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRINGAR I MOTORFERDSELLOVEN OG FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORKJØRETØY I UTMARK OG PÅ ISLAGTE VASSDRAG - UTTALE FRÅ BYGLAND KOMMUNE

Mesteparten av handsaming av søknadar etter motorferdselslova gjerast administrativt i Bygland kommune. Uttale frå Bygland kommune har berre administrativ forankring, men er tufta på mange år med handsaming av motorferdselssøknadar.

Bestemminga om prøveordninga med catskiing i motorferdselslova § 4 a endras for å tillate bruk av alle beltegåande motorkjøretøy og ikkje bere tyngre beltekjøretøy som bestemminga opnar for i dag. Alle løyper for catskiing skal ta utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg. Bygland kommune har ikkje alpinanlegg. Dvs. at kommunar som ikkje har alpinanlegg blir ekskludert frå å opprette catskiing løyper. **Om ordninga skal bli permanent meiner rådmannen at òg kommunar utan alpinanlegg bør kunne få vere med på ordninga.**

Forbod mot motorfaretøy på vatn under 2 km² i motorferdselslova sin § 6 endrast slik at kommunen etter søknad kan gi tillating til ferdsel med båtar med elmotor.

I vår kommune er det mange heivatn som ligg langt i frå bilveg og som er under 2 km². Nokre av desse vatna er langstrakte og framkomst med påhengsmotor vil vere vesentleg for å kome inn til støyler og buer på heia. I desse vatna vil ein kunne søkje om dispensasjon jf. § 6 i lova.

I følgje høyringsnotat legg ein opp til at kommunen skal handsame søknadar om tillating til bruk av elmotor i vatn under 2 km². I område med mange hytter i nærleiken av eit vatn vil kommunen kunne få mange søknadar frå hytteeigarar. I dag brukar kommunen vår relativt store ressursar på handsaming av motorferdselssøknadar. **Rådmannen meiner at regjeringa må prøve å forenkle motorferdselslova i staden for å leggje opp til endå meir byråkrati i loven som fører til mykje ekstra arbeid for kommunane. Vi meiner difor at bruk av elmotor for bruk til fritidsføremål i vatn under 2 km² bør kunne stadfestas i lokal forskrift.** Ved utarbeiding av lokal forskrift vil ein betre kunne sjå på den totale bruken og vurdere samla belastninga jf. nml m.m. enn ved handsaming av enkeltssøknadar.

Oppsynsmyndigheitar sin tilgang til kontroll og moglegheit til å gi gebyr for brot på motorferdselslova §§ 12 a og b utvidast til å gjelde førerar av alle motorfaretøy og kjøretøy, og ikkje bare førerar av snøskuter.

Ingen merknadar.

Myndigheit til å gi dispensasjon etter forskrifta sin § 6 flyttast frå kommunestyret til kommunen, for å opne for at myndigheit kan delegerast vidare internt i kommunen.

I Bygland kommune kan det vere nesten to månadar mellom møta i politisk utval som handsamar motorferdselssøknadar etter § 6 i forskrifta. Om søkar er litt uheldig med søknadstidspunktet kan det i verste fall gå over to månadar før søknaden blir handsama. Fleksible løysingar som ekstraordinære møter for å imøtekome ein enkelt søknad er ressurskrevjande for kommunen.

Rådmannen meiner at framlegget om at kommunestyret kan delegere handsaming av § 6 søknadar i forskrifta til administrasjonen er positivt for å redusere handsamingstida på kurante saker.

Det nedfellast ein forpliking for kommunane til å rapportere inn kommunen sine snøskuterløyper til ein nasjonal database.

Bygland kommune har ingen registrerte snøskuterløyper og vi har difor ingen merknader til framlegget.

Tilgang til å gi tillating til snøskutertransport mellom hytte og veg i forskrifta sin § 5 fyrste ledd bokstav c presiserast.

I Bygland kommune har vi 10 leigekøyrerar. Leigekøyrane tek oppdrag for bl.a. DNT (gjelder primært transport til hytter og vintermerking av skiløyper i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde) og ulik privat næringsaktørar. Det er nesten ingen oppdrag som gjelder transport inn til private hytter for leigekøyrerar då dei fleste hytteeigerane har eigen snøskuter og søker om løyve inn til hytta/støylen sin. Å nytte leigekøyrar inn til private hytter vil by på ein vesentleg logistikk for eigarar av hytter. Fleire av hyttene ligg opp til 20 km frå bilveg. Ved dårleg føre må ein då leige leigekøyrar ein heil dag. Kostnad for eigar som gjerne må ha transport inn og ut vil då vere stor om ein ynskjer å bruke hytta fleire gonger i løpet av vinteren.

Forskrifta og nytt framlegg seier at ein ikkje kan gi løyve til transport av bagasje og utstyr til eigar av hytte, når det i eit område er moglegheit for leigekøyring etter bokstav a. Vurdering om moglegheit til leigekøyring vil då bli skjønsmessig ut frå tilgang på talet på leigekøyrerar. Ut frå kjennskap til fleire kommunar i Agder og delar av Telemark veit vi at det er fleire kommunar som har ei «kompiløysing» der det gis nokre leigekøyringsløyver for å ta på seg oppdrag, som primært er tenkt å dekke behovet frå ulike organisasjonar eller spesifikke oppdrag jf. § 6 i forskrift.

Vi meiner at vår tolking av regelverket må vere mogleg slik at kommune både kan gi leigekøyringsløyver og samtidig gi løyve til eigar av hytter der avstanden er over 2,5 km. Om Bygland kommunen måtte velje eit alternativ hadde nok valet falt på å gi eigarar av hytte løyve for frakt av bagasje og utstyr til hytta si. I praksis vil dette føre til ein meir tungvindt prosess for bl.a. DNT om ein ikkje hadde leigekøyrerar i kommunen. Tida når hytteeigarar gjerne måtte vente ein dag på å få frakta inn bagasje og utstyr inn til hyttene sine i påska er nok forbi. **Rådmannen meiner at ordlyden om leigekøyrar bør takast vekk i frå § 5 første ledd bokstav c. Det bør vere opp til kommunen å velje om det kan gis løyve til hytteeigar sjølv om det er leigekøyrar i kommunen. Rådmannen er einig i at skjønnsrommet for avstandskravet synleggjerast i forskrifta.**

Ei mindre endring i bestemminga om tilgang til å bruke elsykkel i utmark i forskrifta sin § 2a andre ledd.

Ingen merknad

Med helsing
Bygland kommune

Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.